Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Dyrøy

Emne: Brit og brom. Bygdelag: Brøstad

Oppskr. av: Artur Nergård Gard: Nergård

(adresse): Brøstadbotn G.nr. 11 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A.

SVAR

1. Når det er lite med fôr (bunød), nyttar ein bjørkeris til kyrne, men ris og brom var meir nytta før enn no. Brom, som her er kvistane på rogn, blir sjeldan og ikkje brukt no meir, truleg avdi rogna er meir uthoggen no.

2. –

3. Serleg før blei det meste av vinterveden hogd ned om hausten og kjørt heim som råved. Ein som har lite med brensel, tar ikkje berre stokkane, men og kvistar og topp (skattet). Då eg var gutunge (eg er fødd 1905), var det vanleg å hogge av "tunnriset til kurisȧ", når ein hogg sund "småved" til komfyren.

4. –

5. Til sauane kasta ein gjerne heile skattet (av bjørka), så

1501

åt dei det dei ville ha, og gnog nóko av borken med. Kyrne fekk ris som var hogd av. Krötera fekk riset attpå annan mat.

6. Det er ikkje skikk no å sleppe ut dyra til å gnage ris

7. Slik skikk er ikkje kjent her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1501